I samband med satsinga på utviklinga av merkevara «Norges nasjonalparker» har Miljødirektoratet fått utarbeidd ein designmanual i samarbeid med Snøhetta. Denne designmanualen inneheld mellom anna eit opplegg for nettsider https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/maler/digitale-flater. Miljødirektoratet har stilt krav om at alle nasjonalparkstyra skal skaffe seg ei eiga nettside som er meir retta mot brukarane av verneområda, og oppfordrar alle verneområdestyrer om å bli med i ordninga. På desse nettsidene vil det til dømes være snakk om å gi informasjon om verneverdiar, natur og kulturopplevingar, turforslag, aktivitetstilbod, overnattingsmoglegheiter, serveringsstader, produsentar av lokal mat m.v  Slik informasjon vil kunne bli gitt gjennom både; tekst, kart, bilete og gjerne film. Frå Miljødirektoratet si side vil det ikkje være eit krav om at ein slik nettside stadig blir oppdatert med nye nyheitssakar.

Plattforma i designmanualen er lett å bygge ut og utforme slik at den vil passe til lokale tilhøve. Til dømes har nasjonalparkane Folgefonna og Reisa fått til fine nettsider etter denne malen, sjå https://folgefonna.info/ og https://reisanasjonalpark.no/, sjølv om heller ikkje dei har utnytta alle moglegheiter. Trollheimen er eit døme på ei nettside frå eit landskapsvernområde http://trollheimen.info/
Miljødirektoratet ønskjer å komme bort frå dagens situasjon der verneområdestyra/ nasjonalparkstyra har valt mange ulike nettløysingar for sin kommunikasjon med brukarane. SVR og mange andre verneområde har allereie ei nettside som i hovudsak skal fylle behovet for forvaltninga, men kor ein og i varierande grad legg ut meir brukarretta informasjon. I løpet av 2020 kjem Miljødirektoratet til å flytte desse nettsidene over på ein ny plattform. I samband med denne omlegginga ønskjer Miljødirektoratet at desse nye sidene i ennå større grad skal konsentrere seg om forvaltninga sitt behov. Det vil si ein presentasjon av verneføreskrifter, og dokumenter frå møter i verneområdestyret og AU. Brukarretta informasjon om opplevingsmoglegheiter og aktivitetar i verneområda skal ikkje ligge på desse nettsidene.
Ein del nasjonalparkar med tung reiselivssatsing, har så langt valt og ikkje ha eigne brukarretta nettsider, og har heller hatt ein dialog med Visit Norway om innhaldet på deira sider. Dette er ei løysing som både Miljødirektoratet og ein del av verneområdeforvaltarane er skeptiske til. På denne måte vil forvaltninga miste noko av kontrollen over informasjonen, det har vore døme på at informasjon som er skadeleg for verneverdiane har blitt lagt ut på slike sider.

For at desse brukarretta nettsidene til verneområdestyra/nasjonalparkstyra skal bli meir attraktive og lettare å finne fram til. Har Miljødirektoratet gjort klar ei felles overbygningsside som seier litt generelt om verneområde i Noreg og visar vidare til sidene til dei ulike verneområda https://www.norgesnasjonalparker.no/ . Tanken er at denne skal stå fram i mylderet av nettsider når nokon søkar på nettet etter natur, nasjonalpark og Norge. Dette overbygningssida vil bli lansert denne veka og vi vil prøve å rekke å få lagt inn informasjon om SVR før sommarferien.

Som eigar av verdiskapingsprogrammet har Miljødirektoratet sett nokre rammer for bruken av midlane i dette prosjektet. Miljødirektoratet ønskjer ikkje at verdiskapingsmidlane skulle brukast til utarbeide generell informasjon om verneområda eller produksjon av ei standard brukarretta nettside. Dei kan likevel godkjenne eit slik prosjekt dersom sida får tydeleg vinkling mot villrein både når det gjeld føremål og innhald.

**Vedtak i styringsgruppa for verdiskapingsprosjektet**
I møte i styringsgruppa i verdiskapingsprosjektet 02.06.2020, vart det fatta vedtak om å gå vidare med etableringa av ei brukarretta nettside for SVR etter malen i «Designmanual for Norges nasjonalparker». Føresetnaden var at verneområdestyret godkjente planane og sa seg viljuge til å overta drifta av nettsida etter at verdiskapingsprosjektet vart avslutta.

Det vart vedtatt at verdiskapingsprosjektet skal stå for etableringskostnadane for ein slik side, samt kostnadane for produksjon av aktuelt innhald i sida som til dømes foto, filmar og kart. Verdiskapingsprosjektet skal og inngå og koste ei fleirårig avtale om drift av nettsida med eit eller fleire lokale firma. Denne avtalen skal og inkludere produksjon av nytt innhald og oppdateringar av nyheitssakar. Ein tek utgangspunkt i at avtalen skal gjelde utover avslutninga av verdiskapingsprosjektet i 2021.

Dersom verneområdestyret er positive til etableringa av ei ny nettside vil verdiskapingsprosjektet straks starte arbeidet med å hente inn tilbod frå lokale firma. Dette gjeld både oppsettet av nettsida, produksjon av innhald og innkjøp av foto, filmar og kartløysingar.

I sitt budsjett for 2020 har verdiskapingsprosjektet sett av kr 400.000,- til etablering av nettsida og produksjon av innhald. For 2021 er det sett av kr 500.000,- til produksjon av meir innhald og ei treårig driftsavtale for nettsida.

## Vurdering

Designmanualen sitt oppsett verker og å være ei svært fleksibel plattform, som kan tilpassast svært mange av dei behova verneområdestyret har for å gje ut informasjon til brukarane av verneområda. God nettbasert informasjon vil bli stadig viktigare og dette er allereie eit område kor vi ikkje er gode nok. Med dei ressursane verdiskapingsprosjektet planlegg å legge ned i nettsida vil vi få eit svært godt utgangspunkt for å gjere ein betre informasjonsjobb framover.

Den planlagde omlegginga av våre eksisterande nettside er og eit vektig argument for å etablere ei ny nettside. Etter omlegginga skal denne nettsida ha ein reint forvaltningsfokus og bli ennå dårlegare tilpassa brukarretta informasjon enn den er i dag.

At Miljødirektoratet stiller krav om at den nye nettsida må ha eit tydleg villreinfokus er heilt uproblematisk etter forvaltningssekretariatet si vurdering. Vi har allereie eit stort behov for å få ut villreinrelatert informasjon. Dette behovet vil og bli ennå større dei neste åra i samband med gjennomføring av anbefalte tiltak frå GPS-merkeprosjektet og innføringa av kvalitetsnorma for villrein.

Arbeidet med planlegginga av innhaldet på nettsida er på inga måte sluttført, men forvaltningssekretariatet har så langt gjort desse vurderingane:

Målgruppe
Det må gjerast ei nøye vurdering av kven som er målgruppa for ein slik side. Dette vil naturleg nok legge sterke føringar på kva slags innhald ein vil fylle den med.
Heilt kort kan ein sjå føre seg desse målgruppene:

- Lokale/regionale privatpersonar som søker nyhende og detaljert informasjon om villrein, samt andre verneverdiar og opplevingsverdiar
- Lokale/regionale organisasjonar som søker nyhende og detaljert informasjon om villrein, samt andre verneverdiar og opplevingsverdiar
- Kommersielle reiselivsverksemder som har aktivitet i og ved verneområda, som både søker informasjon om verneverdiar, villrein og vernereglar eller som ønskjer å informere om sine tilbod
- Barn, ungdom og skular i regionen som søker kunnskap om verneverdiar og opplevingsverdiar, samt opplysningar om aktivitetar i regi av verneområdeforvaltninga og andre aktørar
- Utanlandske og norske turistar som vil besøke verneområda vil heilt klart ha nytte av denne nettsida, men desse vil finne betre informasjon om reiseruter, overnatting og turforslag på meir reiselivsretta nettsider

Innhald
Etter vår vurdering må denne nettsida få ei tydeleg villreinvinkling. Det er stort behov for formidling av villreinrelatert informasjon og ein må kunne forsvare bruken av midlar frå verdiskapingsprosjektet. I den vidare oppfølginga av føreslegne avbøtande tiltak frå GPS merkeprosjektet er verneområdestyret tiltenkt ei sentral rolle. Det går nå føre seg fleire regionale/lokale prosessar som kan munne ut i konkrete tiltak som stenging av anleggsvegar og flytting av turistløyper. Undervegs i desse prosessane vil det være eit stort behov for å få ut informasjon til involverte partar og ålmenta. Vinteren 2020 ville og ein slik nettside hatt ein sentral funksjon både i høve til innrapportering av villreinobservasjonar og vidareformidling av iverksette villreintiltak av kommunar, bedrifter og organisasjonar. Når kvalitetsnorma for villrein skal implementerast i våre område om eit par år vil det og være eit stort informasjonsbehov om denne prosessen. Ein slik side vil og kunne innehalde generell informasjon om korleis ein skal ferdast i villreinfjellet (gjerne i form av filmar), men og oppdatert informasjon om ruter og områder som bør unngåast i periodar.
Utover villrein må nettsida innehalde god og fyldig informasjon om andre verneverdiar som kulturminne, planteliv og landskap.
Den må og innhalda informasjon om verneområda si brukshistorie og nåverande bruk knytt til landbruk, jakt, fiske, friluftsliv og energiproduksjon.
Nettsida må og innehalde kvalitetssikra turforslag for ulike brukargrupper.
I tillegg må ein slik side og innehalde informasjon om opplevingsverdiar, aktivitetstilbod og overnatting/serveringsstader i området.
Nettsida må vise vidare til http://www.nasjonalparkstyre.no/svr/ for utdjupande informasjon om vernereglar, søknadsprosedyrar m.v.
Nettsida sitt innhald må være tilgjengeleg på engelsk i tillegg til norsk.
Nettsida bør innehalde eit opplegg for ein tovegskommunikasjon med brukarane gjennom ein chatt funksjon. Å betene ein slik funksjon vil være svært ressurskrevjande. Derfor må ein gjere ei grundig vurdering før ein eventuelt bestemmer seg for å gjere denne funksjonen operativ.
Etter verneområdeforvaltarane si vurdering bør det ikkje knytast kontoar for facebook og instagram til denne nettsida. Brukarane vil truleg ha eit ønskje om å kunne stille spørsmål og

dele foto og turopplevingar, men å betene slike funksjonar vil krevje meir ressursar vi rår over i dag. Mellom anna må slike funksjonar overvakast nærast kontinuerleg for unngå at uheldig informasjon og kommentarar blir spreidd.

«Konkurrerande nettsider»

Det er viktig at ein slik side ikkje i alt for stor grad vil «konkurrere» med eksisterande nettsider. Her tenkjer ein særleg på www.villrein.no, men og på nettsida til villreinlaget og ulike reiselivsrelaterte nettsider. Når det gjeld www.villrein.no må ein ta sikte på at vår nettside får eit mykje meir lokal/regional vinkling enn det som er dekka på denne.

Kostnadar

Når verdiskapingsprosjektet si driftsavtale går ut i 2023, vil kostnadane til vedlikehald og drift av nettsida komme på om lag kr 30.000,- pr. år. Om ein ønskjer ei driftsavtale som og skal innehalde produksjon av til dømes 10 nyheitssaker i året vil den komme på om lag kr 60.000 pr år.

Etter verneområdeforvaltarane si vurdering må dei årlege kostnadane til drift av nettsida dekkast gjennom verneområdestyret sitt budsjett. Dersom det vil bli behov for meir omfattande oppdateringar av nettsida vil ein kunne søke Miljødirektoratet om tiltaksmidlar.

Innkjøp

Ein tek sikte på å bruke lokale firma til både etablering av nettsida, produksjon av innhald og avtale om drift. Særleg når det gjeld produksjon av innhald ønskjer ein å bruke mange ulike leverandørar med ei stor geografisk spreiing rundt verneområda. Det vil være viktig at alle delar av heia visar att i både tekst, foto, film og andre illustrasjonar.
I og med at prisen for sjølve etableringa av nettsida ikkje vil overstige kr 100.000,- vil det være nok å sende ut førespurnad til minst tre tilbydarar. Ein vil da kunne sleppe eit tidkrevjande arbeid med ein tilbodskonkurranse.
Når det gjeld innhaldet i nettsida, som tekst, foto, film, kart m.v kan dette som nemnt kjøpast inn frå fleire lokale tilbydarar. Også her vil det være mogleg å halde seg under grensa som utløyser ein tilbodskonkurranse.

Verneområdestyret si rolle

Det vil være mest praktisk at verdiskapingsprosjektet står som eigar av nettsida fram til prosjektet er avslutta 31.12.2021. Dette vil og være ein fordel når ein skal inngå avtalar med ulike tilbydarar. Verdiskapingsprosjektet er og verneområdestyret sitt prosjekt og kommunikasjonen mellom dei to vil være god. Det skulle derfor ikkje være nokon fare for verdiskapingsprosjektet legg opp til eit innhald på nettsida som verneområdestyret ikkje kan stå inne for eller inngår avtaler som verneområdestyret ikkje vil følgje opp vidare.
Om det skulle være formelle hinder for at verdiskapingsprosjektet står som eigar og avtalepart, vil verneområdestyret kunne ta denne rolla heilt frå starten.
Verneområdestyret vil uansett overta som formell eigar og drivar av nettsida når verdiskapingsprosjektet blir avslutta.

Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

**Postadresse**
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**
Kommunehuset, 4440 Tonstad

**Kontakt**
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 03
fmavgso@fylkesmannen.no
www.svr.no

# Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/2392-0
Saksbehandler: Guro Sødergren
Dato: 29.04.2020

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Verneområdestyret for SVR | 26/20 | 12.06.2020 |

## Svar på søknad om tillatelse for motorisert ferdsel og graving rundt hytte i Grytdalen hyttefelt i Sirdal kommune, SVR-LVO

### Forvalters innstilling

I henhold til naturmangfoldloven § 48 får Elisabeth Vistnes tillatelse til å grave under og rundt hytte med minigraver samt bruke trillebår med belter.

Søknaden er innvilget med disse vilkårene:

- Arbeid med maskin skal utføres så skånsomt som mulig.
- Fyllmassene skal fordeles rundt egen hyttetomt og legges på en naturlig måte som mulig.
- Arbeidet skal være ferdig utført innen 20 juli 2020.

I medhold av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Elisabeth Vistnes landingstillatelse til helikoptertransport i forbindelse med frakt av minigraver og trillebår med belter for gjennomføring av restaureringstiltak ved hytte i Grytdalen i Sirdal kommune.

Løyvet gjelder for inntil 10 transporter i perioden 12 juni til 12 juli 2020.

Søknaden er innvilget med disse vilkårene:

- Dersom transporten lander på andres eiendom, må innehaver av løyvet selv innhente samtykke fra grunneier.
- Løyvet skal alltid være med under transporten.
- Løyvet kan trekkes tilbake på kort varsel i perioder dersom hensyn til viltet krever det.
- Dersom det observeres reinsdyr i nærheten av landingspunktet skal turen avventes til faren for forstyrrelser ikke lenger er tilstede.

- For å begrense forstyrrelse for vilt og fotturister skal helikopteret om mulig ikke fly lavere enn 300 meter over bakkenivå.

## Saksopplysninger

<u>Bakgrunn for søknaden</u>

Elisabeth Vistnes søker om tillatelse for motorisert ferdsel og graving rundt hytta i Kjerringstøyldalen/ Grydalen gnr/bnr 2/21 i Sirdal kommune, datert 8 mars 2020, samt oppdatert søknad datert 19 april 2020.

Hytteeierne ser tydelig bevegelse i flere av betongsteinene som støtter opp hytten. Terrassen er fjernet for å minske belastningen gjennom vinteren. De ønsker å grave inn under hytten via området som terrassen er. Utgravingen vil skje med hjelp av en minigraver og trillebår med belter. Det er presisert i søknaden at dette kun skal skje rundt hytta. Fyllmassen vil de legge jevnt rundt hytta.

Det planlegges å grave ut slik at det på sikt blir en sammenhengende grunnmur under ca. 1/3 del av hytta (mot vest). Søker ønsker å ha mulighet for å støpe betongsteiner mellom støtten etter hvert, men graver alt ut i år. Videre er det ønskelig med så pass høyde under deler av hytten (ca 1/3) at det enkelt kan lagres ved. Dette ettersom det ikke kan bygges bod på tomten da hytta ligger i rød sone for snøskred.




*Bilde fra søknad datert 17 april 2020.*

For at hytta ikke skal råtne fra undersiden og opp grunnet fuktighet under hytta er det snakk om en tilnærmet grunnmur. Søker er avhengig av flere åpninger der vinden kan bidra til kontinuerlig utlufting. Ved godkjent byggetillatelse på 80 tallet har Sirdal kommune bedt om at det bygges «skjørt» under hytta for å skjule støtter. Det er disse skjørta hytteeier nå vil erstatt med en type luftig grunnmur.

Planen er å fly inn nødvendig utstyr og materialer. Grave ned å erstatte de diagonale betongstøttene og støtte opp hytta for nye 40 år. Bygge ny terrasse tilbake til utgangspunktet og fly tilbake maskinene med helikopter etter ferdig arbeid.

Antall hiv inkluderer hyttenaboer som ønsker å få fraktet inn materialer til utbedring av hytte. Samkjøring av helikopter for å minke antall flyvninger.




*Lasteplass er planlagt fra Grydalslegå. Losse plass i Kjerringstøldalen.*

*<u>Formell bakgrunn for vurdering og vedtak</u>*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Retningslinjer for byggetiltak Grytdalen, 2006, revidert 2019
- Naturmangfoldloven.

*Hjemmelsgrunnlag*
Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:
"1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. "

Verneforskriftens kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som "*vesentlig kan endre landskapets art eller karakter*".

Naturmangfoldloven § 48, dispensasjon når det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig:

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne bestemmelsen og begge vilkårene må være utfylt for at dispensasjon kan gis:
1) Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og
2) Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Motorisert ferdsel i verneområdet reguleres av verneforskriften kapittel IV, punkt 5. Motorisert ferdsel på land er forbudt i landskapsvernområdet - med en del unntak. Landing med helikopter er også forbudt innenfor verneområdet, også inkludert all henting og transport av passasjerer eller gjenstander selv om landing ikke fysisk finner sted.

Etter punkt 5.4, bokstav c, kan forvaltningsmyndigheten gi dispensasjon til nødvendig luft- og snøskutertransport i forbindelse med frakt av nødvendig material til hytter. Dette er utdypet i kapittel 2.4 i Forvaltningsplan for SVR.

Etter retningslinjer for byggetiltak Grytdalen, 2006, revidert 2019, pkt 10 skal ubebygde deler av tomten bevares uten inngrep i terrenget. Busker, trær og steiner må ikke fjernes.

Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

## Vurdering

Tiltaket som skal gjennomføres med minigraver og trillebår med belter er nødvendig for at hytta ikke skal få ytterlige skader. Arbeidet skal foregå innenfor egen hyttetomt i en

tidsperiode på 2 uker sommeren 2020. Fyllmassen som graves ut skal legges jevnt utover egen tomt på en naturlig måte som mulig.

Under hytta er det ca. 1/3 av det totale arealet som blir noe endret med utgraving og ny betongstein. Resten av hytte forblir uendret. Ny terrasse blir bygget identisk til slik den var før den gamle måtte rives.

Jf. pkt 10 i retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen skal ubebygde deler av tomten bevares uten inngrep i terrenget. Busker og trær skal og større steiner må ikke fjernes. Viktig at fyllmassen som fordeles på tomten legges på en naturlig måte som mulig for å forhindre at terrenget rundt hytten endres vesentlig.

Etter § 7 i naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i § 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøvelse av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må vurdere søknaden etter disse prinsippene ved alle tiltak som vedrører naturmangfoldet, og disse vurderingene skal fremgå av beslutningen.

Det er registrert trekkveier for villrein i nærheten av området. Området har i liten grad vært utnyttet av villrein de siste årene. De dyrene som bruker området er for det meste voksen bukk og bruken dreier seg for det meste om perioder med sterk nedising. Det er likevel et forvaltningsmål at villreinen skal ta i bruk større deler av Frafjordheiene og dermed bruke området i nærheten av Grytdalen til trekk over mot Frafjord. Grytdalen har vært etablert siden før vernet og det er åpnet for realitetsbehandling av byggesøknader.  Det er det eneste området i SVR der det på forhånd er planlagt bygging av nye hytter. Utbyggingen av området og den høye aktiviteten her kan klart ha betydning for villreinens bruk av området til beite og trekk videre mot Frafjord.

Det har blitt registrert flere sårbare rovfugl lokaliteter med rødlistestatus i området rundt Grytdalen, men avstanden til reirlokalitetene er stor nok og til at lite tyder på at dette tiltaket kan ha virkninger for disse. Det er ikke registrert andre arter, økosystemer eller naturtyper som kan ta skade av tiltaket isolert sett.
Kunnskapsgrunnlaget for behandling av søknaden er basert på kartløsninger med innsyn i sensitive data fra Artsdatabanken, Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Agder samt rapporter fra NINA og Norsk villreinsenter.

Kunnskapsgrunnlaget for å kunne vurdere i hvilken grad byggetiltaket vil kunne påvirke verneverdiene må vurderes som godt (§ 8 i naturmangfoldloven), § 9 om *føre var*-prinsippet tillegges derfor mindre vekt.

Restaureringstiltaket medfører graving og kjøring med trillebår med belter som vil sette spor i terrenget. Umulig å gjennomføre tiltaket uten at dette vil være synlig, § 10.
Det skal kun graves under hytta, det er fyllmassenes om tas ut som vil være synlig i terrenget rundt hytta. Vilkår i vedtak setter krav til at arbeidet skal utføres så skånsomt så mulig og at massene legges på en slik måte at det raskest mulig vil bli en naturlig del av terrenget rundt hytta. Utsyr skal fraktes inn og ut med helikopter som er den eneste og gunstige metoden å få maskiner inn til hytta. § 12.

Tiltaket kommer ikke inn under § 11 i naturmangfoldloven.

Vilkår for dispensasjon i naturmangfoldloven § 48 er oppfylt og vi mener at tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og tiltaket ikke stride mot vernevedtakets formål.

Konklusjon

Tiltakene som skal gjennomføres er nødvendige for å ikke få ytterlige skader på bygning. Det skal graves ut fyllmasser under hytta ca, 1/3 av hyttas areal. Nye betong steiner skal plasseres og terrasse som er revet skal bygges identisk slik det opprinnelige. Fyllmassene som tas ut under hytta skal fordels innenfor hyttetomt og legges på en naturlig måte som mulig. Hele arbeidet vil ha en tidsperiode på maks to uker. Utstyr skal fraktes inn og ut med helikopter.

Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

**Postadresse**
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

# Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/3743-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 18.05.2020

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Verneområdestyret for SVR | 27/20 | 12.06.2020 |

## Søknad om ettergodkjenning av merking av løype til Skoræ. Åseral kommune.

### Forvalters innstilling

Med heimel i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 1.3.d gir verneområdestyret Åseral kommune løyve til å merke sommarløypa frå vernegrensa og til toppen av Skoræ på Ljosland slik det går fram av kart i saka. Merking skal skje etter beskrivinga gjeven i *Merkehåndboka 2019.*

Verneområdestyret legg vekt på at Ljosland er peika ut som innfallsport i besøksstrategien for SVR og at stien er godkjend i kommunal sti- og løypeplan. Ved merking av stien vert meir av ferdsla samla i denne. Delar av stien følgjer tidlegare merka sommarløype mellom Ljosland og Knaben.

### Saksopplysninger

I samband med høyringa av *Kommunedelplan for friluftsliv Bortelid – Ljosland* i Åseral kom det fram at det allereie var merka ei sommarløype opp til Skoræ på Ljosland, men utan at den var søkt om løyve til dette. I sin uttale til planforslaget i møte 13.12.2019 ba verneområdestyret om at kommunen søkte om ettergodkjenning av merkinga.

Åseral kommune har nå søkt om ei slik godkjenning. Kart over området samt plassering av stien går fram av karta nedanfor. I søknaden skriv kommunen at stien vart merka for om lag 5 år sidan. Skoræ er den høgaste toppen i Åseral og eit populært turmål sommar og vinter. Stien er merka med maling og vardar. Det er også sett opp skilt på toppen og postkasse med turbok.

*Kart over området. Saka gjeld merking av stien frå vernegrensa (grøn line) til toppen av Skoær (raudt punkt)*




*Kart som syner nøyaktig plassering av stien*




## *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfaldlova.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015
- Besøksstrategi for SVR

### *Heimelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av kapittel 1.3.d går det fram at forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår, og når det ikkje strir mot verneføremålet, kan gi løyve til opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

## Vurdering

Naturmangfoldloven har fleire bestemmingar om handheving og sanksjonar ved brot på verneforskrifta. Etter forvaltar si vurdering er ikkje saka av ein slik karakter at desse bør nyttast. Dette utdjupa under vurderinga nedanfor. Det må likevel presiserast at ved søknad om ettergodkjenning skal tiltak vurderast uavhengig av om tiltaket er gjennomført eller ikkje.

*Naturmangfaldlova §§ 8 - 12*
Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane

*Kunnskapsgrunnlaget (§8)*
Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artar samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

Områda vest for Ljosland har i første rekke funksjon som vinterbeite for villreinen, og då gjerne lenger vest enn sjølve Skoræ. Særleg i vintrar der beita i høgheia isar ned kan desse områda ha ein viktig funksjon, som til dømes vinteren 2020. Gjennom sommarhalvåret kan det også gå att nokre mindre bukkeflokkar. Villreinen nytta området meir tidlegare. Dette kan ha samanheng med at stammestorleiken var større. Ulike ferdselshindre lenger nord kan også spele inn.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i naturmangfoldloven § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

*Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML*
Ljosland er eitt av tre større hytteområde i Åseral med om lag 450 hytteeiningar. Bruken av hyttene og trafikken innover i heia er klart størst om vinteren. Vinterstid vert det preparert skiløyper kring Skoræ via Lakkenstova turisthytte samt over Stigebossheia lenger aust. Fjelltoppen Skoræ ligg om lag fire km. inn frå hyttefelta på Ljosland og er eit mykje nytta turmål sommar og vinter. Tal frå 2016 og 2017 syner at om lag 1300 personar årleg tar turen opp på toppen. Hovudtyngda av ferdsla er i månadane august og september. Anna ferdsel til fots i området er i første rekke knytt til sauehald samt utøving av jakt. Motorisert ferdsel i området er i første rekke i samband med transport inn til eit fåtal driftshytter samt til turisthytta Lakkenstova. Krokvatn ligg ved foten av Skoræ og er påverka av vassdragsreguleringa.

I besøksstrategien for SVR er Ljosland peika ut som ein av totalt 14 innfallsportar til verneområdet. Betre tilrettelegging av stien frå Skorestedjan (der stigninga opp til Skoræ tar til) og inn mot Skoræ er nemnd som tiltak i besøksstrategien. Fram til vernegrensa følgjer stien det vert søkt om den gamle ferdselsvegen mellom Ljosland og Knaben i Kvinesdal. Denne vart

merka for ein god del år attende og før verneområdet vart oppretta. Ved merking av stien heilt til toppen av Skoræ får ein i større grad samla ferdsla.

I besøksstrategien for SVR er kommunale sti- og løypeplanar peika ut som eit viktig verkemiddel for styring og kanalisering av ferdsel. Gjennom slike planar får ein ei heilskapleg tilnærming til styring av ferdsla. Åseral kommune har nå vedtatt ein slik sti- og løypeplan der merking av stien opp til Skoræ ligg inne. Verneområdestyrte hadde inga merknad til etablering/plassering av stien når planen var på høyring utover at den måtte søkast om særskilt.

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML)* og *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*
I forvaltningsplanen for SVR er det eit vilkår om at merking og kvisting skal skje etter merkehandboka gjeven ut av Den Norske Turistforening, Innovasjon Norge og Friluftsrådenes landsforbund. Merking av løypa opp på Skore må følgje tilrådinga i denne.

**Konklusjon**
Tiltaket vil ikkje stri mot verneføremålet. Ljosland er peika ut som innfallsport i besøksstrategien for SVR og stien er godkjend i kommunal sti- og løypeplan. Ved merking av stien vert meir av ferdsla samla i denne. Delar av stien følgjer tidlegare merka sommarløype mellom Ljosland og Knaben. Det kan gjevast løyve på vilkår.

**ST 28/20 Eventuelt**